

FAU ved Knarvik Barneskule
v/Denise P. Hagen
Orresteinen 25 A
5916 Isdalstø

18. februar 2016

Lindås kommune
v/Oppvekstleiar
Kvernhusmyrane 20
5914 Isdalstø

Ønske om kulturskuletilbod ved ny barneskule

FAU har eit ønskje om at elevane ved Kulturskulen kan få kulturskuleundervisning på barneskulen i SFO-tida. Vi kjenner til at dette vert gjort fleire stader med gode resultat. Vi viser til møte med oppvekst den 12.02, der dette vart nemnd. Dagens ordning med Kulturskule i eige bygg gjer at fleire ikkje kan ha time før seinare på dag eller kveld, med mindre elevane sjølv går fram og tilbake utan tilsyn. Vi trur ei samlokalisering av skule, SFO og Kulturskule vil vere gunstig for alle partar og gje mindre «kvelds-stress» for både Kulturskulelærarar og elevar med familie.

Med venleg helsing

For FAU i Knarvik

Denise P. Hagen